
Fra: Ragnhild Kartveit Høyland
Sendt: 9. april 2015 11:55
Til: Sveinung Kvamme
Emne: Oppsummerande kommentar mva komp 1. termin 2015

Oppfølgingsflagg: Følg opp
Status for flagg: Flagget

Hei

Her kjem ein oppsummerande kommentar til bilagskontroll i samband med mva komp. 1. termin 2015

Føring med kompensasjonskode 802 på tenestene 2730 og 2740 blir undersøkt nærmere. Kan komme tilbake til det og evt ta ein gjennomgang av rutinene kring mva og mva kompensasjon her ved eit seinare revisjonsbesøk.

Når det gjeld føringane med kompensasjonskode 802 på teneste 2310 blir desse undersøkt og evt retta neste termin.

Minner også om at når det gjeld kostnadene til reise er det viktig at de dokumenterer kva føremålet med reisa er ettersom kompensasjonsretten avheng av det. Bokføringsforskrifta § 5-9 krev at det ved dokumentasjon av reise- og oppholdsutgifter skal gå fram kven utgiftene omfattar, føremålet med reisa og evt kva arrangement ein har deltatt på. Dersom dokumentasjonen består av fleire reisedokument og informasjonen over ikkje framgår av kvart enkelt dokument må det vere gjensidig henvisning mellom dokumenta.

Etter mi vurdering oppfyller ikkje bilaga 100826 og 101047 desse krava. Ei praktisk løysing her kan evt vere å nytte notat-funksjonen som ligg inne i Visma.

Kvittering frå Altinn og tilhøyrande revisjonsberetning blir sendt via e-post seinare.

Med ynskje om ein fin dag vidare

Med venleg helsing
Nordhordland Revisjon IKS

Ragnhild K Høyland
Tlf 99 48 61 98
ragnhild.kartveit.hoyland@nhr.no
www.nhr.no